



Statens vegvesen

Roy Valdersnes
e-post

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalnsnr:
Kari Elster Moen - 55516115

Vår referanse:
2014/134463-007

Dykkar referanse:

Vår dato:
13.05.2015

Oppsummering etter synfaring - gnr 99 bnr 7 Radøy

Vi viser til synfaring på gnr. 99 bnr. 7 den 27. april. På synfaringa deltok i tillegg til deg, Hogne Askeland frå byggesak i Radøy kommune, Marian Barsnes og Kari Elster Moen frå Statens vegvesen.

I vår førhandsuttale (datert 14.01.2015) til kommunen sin handsaming av dispensasjon etter plan- og bygningslova har vi rådd til at kommunen ikkje gir dispensasjon frå plankravet. Vi la til grunn at det var potensiale for det kunne kome fleire bustadar i området. Derfor vil det vere ei god framtidretta løysing å løyse avkøyrslar og tilkomstvegar gjennom ein reguleringsplanprosess.

Det er kommunen som må vurdere om dei vil gje dispensasjon frå plankravet. Det var opplyst på synfaringa at tomte du søker å få bygge på, er den siste tomte i feltet. Det vil derfor blir vanskeleg og kostnadskrevjande å få gjennomført ein reguleringsplanprosess.

Vi viser til brevet vårt igjen der det står:

I Rammeplan for avkøyrslar og byggjegransar på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013-2016), er fylkesvegen forbi omsøkt avkøyrsla vist med haldningsklasse 4. Dette vil mellom anna seie at godkjenning av ny avkøyrsla normalt kan bli gjeve under føresetnad av at dei tekniske krava til utforming av avkøyrsla vert stetta. Der tilhøva ligg til rette for det, kan tilkomst visast til næraste eksisterande avkøyrsla.

I denne saka meiner vi det er positivt to avkøyrslar (gnr. 73 og gnr. 7) blir samordna dersom det skal gjevast dispensasjon.

Plan- og forvaltningsseksjonen - Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
for Odd Høydalsvik
sjefsingeniør

Kari Elster Moen
Kari Elster Moen

Kopi: Radøy kommune

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks: